

# AVTALE OM BYGGING OG DRIFT AV FELLES LEDNINGSANLAGG

## FOR NEDRE EIKANGER VEST.

**FORSLAG**

1. **FORMÅL** Ledningsanlegget har som formål å dekke behovet for vasstilførsel og avløp knytt til offentlig ledningsnett for 6 eigedomar under gnr 213 å vestsida av Liavatnet Nedre Eikanger . Stikkleidningar til dei einskilde er ikkje del av fellesnettet.
2. **OPPLEGG OG DIMENSJONERING.** Anlegget strekkjer seg frå felles septiktankar ved Muren, regulert av eigen avtale, og går lands veg ca 190 m sørover . Ledningsnettet har kapasitet for ca 10 brukarar. Prinsippkisse er vist på eige rørskjema som er del av denne avtalen.
3. **GODKJENNING.** Anlegget er byggemeldt og er gitt dispensasjon, kryssingsløyve med kommuneveg og byggeløyve saman med øvrige anleggsdeler hjå Eikanger Vassverk , i september 2015.
4. **EIGARSKAP OG BRUKSRETT .** Anlegget er eigd i fellesskap av brukarane, med andel tilsvarande den partskapital kvar einskild har deltatt med . Kvar eigedom har bruksrett for ein bustadeining . Brukarane sine rettar og plikter er til ei kvar tid knytt til den aktuelle eigedomen som er påmeldt.
5. **ANLEGGSTILSKOT**  
6 brukarar vert med frå starten og betalar anleggstilskot fordelt etter utbyggingskostnad for den aktuelle delstrekning dei nyttar . Kostnader og fordeling er vist i eige skjema som del av denne avtalen. Nye deltakarar kan knytast til på same vilkår, med tilbakebetaling av forholdsvis andel til eksisterande brukarar. Avslag på tilknytning skal ha sakleg grunn gitt og støtta frå eit fleirtal av brukarane. Tilskotet kan indeksreglerast til aktuell dato for påmelding med grunnlag i KPI ( konsumprisindeks) juni 2016.
6. **DRIFT.** Eigarane er ansvarleg for drift og vedlikehald av anlegget tilsvarande sin eigarpart i delstrekningar.
7. **ENDRINGAR** som følge av offentlege pålegg kan belastast brukarane om det skuldast kvalitetskrav. Pålegg som gjeld kapasitetsauke skal finansierast av nye brukarar i samsvar med pkt 5.
8. **GRUNN.** Hovudbruket 213/4 og partane i avtalen gjev fri bruksrett til grunn og rett til tilkomst til ledningsnettet. Grøftene vert også tillatt brukt for andre formål f eks fiberrør
9. **TVIST .** Usemje om denne avtalen kan avgjerast med bindande verknad av 2 personar utpeika av VA- avdelinga i kommunen.

**Avtalepartar og underskrifter :**

Gnr/Bnr	Namn	Rolle	Part x Tilskot kr	Dato	Signatur
213/4	Dag Eivind Hagesæter	grunneigar			
213/40	Harald Askeland	brukar			
213/20	Anfinn Solheim	brukar			
213/41	Kari Eidsheim	brukar			
213/64	Ivar Eidsheim	brukar			
213/42	Liv Myhr	brukar			
213/62	Dag Eivind Hagesæter	brukar			

